

Til tillitsvalde i Surnadal

Innfasning av Mo Skule inn i SUBUS

Saksgangen i denne saka gir grunn til bekymring. Innfasning av Mo skule inn i SUBUS blir presentert utan dokumenterte meirkostnader, noko som svekkjer tilliten til heile grunnlaget for avgjerda. Ved første dialogmøte mangla ROS-analyse i høyringsdokumenta, og sjølv etter dialogmøte nummer to er det framleis ikkje lagt fram ei vurdering av barnets beste. Dette er heilt sentrale krav i ei så inngripande sak. Samstundes er det oppsiktsvekkjande at fleire av politikarane som stemte for å utrede saka, ikkje møter på dialogmøta der kunnskapsgrunnlaget skal leggjast fram og drøftast. Når både utgreiing og politisk deltaking sviktar, står ein att med ein prosess som ikkje held den kvaliteten innbyggjarane har krav på.

ROS-analysen (som no ligg ute på kommunen sine nettsider) for innfasning av Mo skule i SUBUS viser eit gjennomgåande høgt risikonivå. Heile 19 av 20 vurderte punkt er markerte “over grense”, noko som vi meiner tyder på at risikoen er vurdert som uakseptabel utan ytterlegare tiltak.

Å fase inn endå ein skule i ein allereie pressa sentrumsskule er ikkje ei forsvarleg løysing. Kapasiteten er sprengd, både når det gjeld inneareal, klasserom og uteområde, og dei tilsette melder allereie om eit uforsvarleg arbeidspress med aukande sjukefråvær. Å auke elevtalet ytterlegare vil forsterke utfordringane, gå utover læringsmiljøet for elevane og arbeidsmiljøet for dei tilsette, og føre til redusert kvalitet i opplæringa. Ei slik løysing vil ikkje vere berekraftig – verken pedagogisk, helsemessig eller økonomisk på sikt. Det er behov for tiltak som reduserer presset, ikkje aukar det.

Tida er ikkje inne!

Tilsette ved sentrumsskulen gjer si plikt når dei ropar varsko om plassmangel, uro og høgt sjukefråvær ved mottaksskulen. Surnadal har befolkningsvekst og det høgaste fødselstalet på over 20 år i 2025. Samstundes viser tala at elevtalet ved Mo skule skal opp med heile 27 prosent i perioden 2027–2029. Heilt fantastisk, det er den vegen vi skal.

Det å auke folketalet bør for Surnadal være eit mål. Vi er ikkje tilhengarar av politikk som signaliserer at det er færre vi skal bli. Mogleghetene for vekst finst i dag, og bør framleis vere til stades i heile kommunen – både i sentrum og i grendene. Men der ein kommune har dei beste føresetnadene for vekst, er i sentrum. Difor bør sentrumsskulen forbeholdast folk som vil til sentrum og busetje seg der, når skulen ikkje er større enn han er.

Vi håpar dykk tillitsvalde først og fremst forstår kva som faktisk driv veksten i Surnadal – og vil byggje vidare på det.

Det betyr å sikre gode og nære tenester der folk bur. Lokalskular, barnehagar og helsetilbod viser seg å være heilt avgjerande for at barnefamiliar vel å bli – og flytte hit. Når ein samtidig veit at kvardagen allereie er pressa i større einingar, med høgt sjukefråvær og kapasitetsutfordringar, gir det lite meining å samle endå meir på færre plassar.

Vidare må ein gjere det attraktivt å etablere seg: tilgang på bustadtomter, satsing på næringsliv og landbruk, og gode samferdselsløysingar. Folk flyttar ikkje berre for jobb – dei flyttar for eit godt liv. Og då må heile kvardagen fungere.

Like viktig er det å ta vare på det som ikkje kan vedtakast på papiret: tillit, tilhørigheit og engasjement. Politikarar må lytte til innbyggjarane, involvere lokalsamfunna og ta avgjerder som folk kjenner seg att i. Dugnadsånd og viljen til å bidra er ein styrke – men det er ein føresetnad at folk opplever å bli høyrde og respekterte.

Og i denne saka er engasjementet stort. Sjølv om denne saka og det siste året med usikkerheit har tært på kropp og sjel, har vi kjent på eit stort, stort fellesskap frå heile kommunen. Fantastiske, fine lokalpatriotar frå sentrum og andre grender som brenn og kjempar for plassen sin, har sendt heiarop i alle retningar. Slikt engasjement, samhold og pågangsmot har vi og treng vi. Ta vare på det. Vi kan ikkje sjå anna enn at vi er samstemte. Her trengs utan tvil alle skular.

«Og i lag me sa her e de godt å varra te»

Vi håpar vi har dykk tillitsvalde og med på laget!

Oda Solem og Magnar Løset